

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2023

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2023*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2022. Skatteutjamninga er òg ein del av rammetilskotet, som skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2023. Rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av skatteutjamninga. Den endelege skatteutjamninga er ikkje klar før i februar 2024 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Det endelege rammetilskotet blir difor klart først i februar 2024.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga og tilskot med ei særskild fordeling. Kolonnen inkluderer eit ufordelt trekk på 800 mill. kroner i innbyggjartilskotet for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter i 2023. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2022. Satsane er prisjusterte.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 346
Troms og Finnmark	1 707

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser fordelinga av skjønstilskotet på 382 mill. kroner til fylkeskommunane for 2023. Departementet føreslår å fordele 332 mill. kroner i ei basisramme til fylkeskommunane, og å halde tilbake 50 mill. kroner innanfor skjønstilskotet til fylkeskommunane til ekstraordinære hendingar o.a. i løpet av budsjettåret (reservepott). Fordeling av ramma mellom fylkeskommunane er vidareført frå 2022.

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2023

Sum av kolonnane 1–3.